

Bestefar Rasmus Eikemo 1863 – 1934

av Åse Eikemo Strømme

Bestefar vår på Eikemo var fødd 22.mai 1863. Han var son til Anders Eikemo f. 1827 d. 1907 og Brita Magnesdotter Hesjedal bnr. 3 f. 1825 d. 1912. Han hadde 3 sysken: Gunnbjørg f. 1860, Magne f. 1866 og Kari f. 1869.

Det er ikkje så mange opplysningar me har om han bestefar på Eikemo. Eg har prøvt å samla litt om livet hans, og om korleis han var som menneske. Noko som alltid vart fortalt av borna hans, var at hugen til å lesa bøker og blad var stor. Hadde han noko å lesa i, ja så gløymde han seg vekk. "Han sat for det meste og las", minnest dei. Han var mindre huga på det praktiske gardsarbeidet.

Ved gjennomgangen av skuleprotokollane for Eidsfjorden skulekrins, som viser karkterane år for år, finn eg at han hadde gode evner. Samanlikna med dei andre elevane var han ein av dei beste. Han hadde stort sett 1 og 1,5 i alle fag. Det same finn eg for broren hans Magne og syster hans Gunnbjørg. For den sistnemnde vil eg ta med kva lærar Vassenden skreiv i karakterboka henna frå 1870 – 1875. "Du Gunnbjørg har været meget flittig og opført Dig stille og godt. Jeg har derfor Haabet, at Du bliver en af mine flinkeste, beste Skolepiger, og jeg beder, at Gud vil altid give Dig et lydigt, læreviligt Sind." Det var nok diverre slik at noko vidare skulegong for jenter på denne tida var lite vanleg, så det vart berre med folkeskulen for ho Gunnbjørg. Slik vart det også for han bestefar Rasmus. Han var odelsgut, og dermed var framtida hans knytt til garden. Saknet etter vidare kunnskap og lærdom har nok prega livet hans.

Det neste eg har funne om bestefar er frå militærtjenesta hans. Eg har funne han i

Loddtrekningslistene 1885 for Bruvik tinglag /lensmannsdistrikt.

Nr. 40. Han er 1,70 m høg, og det står oppført at han er dyktig.

Yrke: Gardsarbeidar. Han vert innrullert i Linjen, dvs. Hæren.

Han avtener verneplikta i Bergens bataljon såleis:

Nr. 1243 1886 Rekruttskole 42 dagar

Kompanieksdersis 12 dagar Tilsaman 54 dagar

1887

24 dagar

1888

24 dagar

31.12.1892 overført til Landvernet (Heimevernet)

Bestefar vart i 1891 gift med Anna Magnesdtr. Myster f. 23.juli 1866. Mor henna var Brita Olsdtr. Myster bnr. 1, som i 1866 vart gift med Magne Kallestad. Dei vart paktarfolk på Myster bnr. 1 – 2. Mor til Brita var fødd på bnr. 3 i Hesjedalen i 1811. Ho var eldste søstra til Brita f. 1825, som var gift med Anders Eikemo. Bestemor Anna og bestefar Rasmus vart såleis midt mellom søskeborn og tremenningar. Anna vart på folkemunne kalla for ”Mystersola”. Ho skulle vera fin som ei sol i ungdomen. Ho var den eldste av 9 sysken, der 2 brør døydde same året dei var fødde. I 1883 den 28. juni døydde mora Brita av skarlagensfeber, og Anna måtte 17 år gamal ta over morsrollen for syskenflokket. Slik gjekk det til at då ho vart gift til Eikemo fylgde den yngste broren Johannes med. Han var f.1882 og døydde 13.juni 1896 av lungebetennelse på Eikemo. Ei veke seinare den 21.juni 1896 var det at Anna og Rasmus miste den vesle jenta si Bergitta f. 1894 av skarlagensfeber .

Anna og Rasmus fekk 7 born i tidsrommet 1892 – 1905. Det vert fortalt om bestemor Anna at ho var den fyrste opp om morgonen og den siste som gjekk til sengs om kvelden. Alt skulle ha sitt stell, frå omsuta for kårfolket, småborna inne, og drifta i floren.

Som tidlegare nemnt gløynde han bestefar seg når han fekk lesestoff i handa. Det vert fortalt at ho bestemor gjekk rundt og leitte etter ein tollekniv, og spurde han bestefar om han visste kvar kniven var. Han bestefar sat som vanleg og las, og svara nei. ” Ja, kvar ein tollekniv er på garden veit du ikkje, men du veit alt om Afrika”, svara ho bestemor.

Ein annan historie går ut på at tidleg ein vintermorgon vakna bestemor som vanleg i fem-tid for å starta dagens arbeid. Bestefar sat framleis med lampaljoset ved bordet og las, slik han hadde sete om natta. Det var då dette hermet etter bestemor oppstod: ”Forstår de om han er vetig dan karen”. Inne i Storestova stod senga på langveggen innanfor kjøkkenet, eller Ut i døra, som det vart kalla. Langbordet stod på kortveggen mot løa, og klokka hang ovanfor der.

I bestefar og bestemor si tid var det ikkje kome bru over elva. Den kom først i 1939.

Alt som skulle fraktast over til storevegen på andre sida av elva måtte i båt. Båten låg i Nedste bathølen.

Tante Brita f. 1893 fortalde ofte om den gongen bestefar hadde vore over elva og henta posten. Han abonnerte på blad og aviser. Adresseavisa var den eine avisa han hadde.

Han kom seg i båten og tok til med å opna posten. Båten gleid i frå land, men bestefar gløymde seg med det nye lesestoffet, og sansa seg ikkje før båten var på veg ned mot soget til Høsefossen. Det var i siste liten at han den gongen ikkje for om fossen, vart det fortalt som døme på kor fråverande han til sine tider kunne vera. Det var nok i opplysningane i blada og bøkene interessa hans låg. Det var nok bestemor som heldt hjula i gang på garden og hadde styringa.

Slik vert det også fortalt om mor til bestefar, ho Brita. Ho sat i ein stol og styrde heile garden. ” Lat dei styra dei som er føre til å styra om dei går i stakk eller brok”, sa ho.

Frå Johannes Leiro f. 1911, sonen til Reinert Leiro, fekk eg etter førespurnad om bestefar desse opplysningane:

” Når det gjeld Rasmus Eikemo, so kan eg fortelja at eg kjende godt han Rasmus. Eg hev eit minne frå eg var i 10 års-alderen.

Han Rasmus kom til oss på Leiro og skulle henta ein kalv. No kan eg ikkje hugsa korleis kalven hadde kome der, antan han hadde kome saman med våre kyr, men det var nokså vanskeleg terreng, so det er no mest rimeleg at han hadde kjøpt kalven. Kalven hadde visst ikkje noko tru på at det ville vera noko bra byte, so han nekta å gå. So spurde Rasmus om eg ville fylgja eit stykke på vegen. Jau det skulle eg sakte gjera. Eg fann meg ei høveleg buska av ei bjørk. Og han Rasmus godsnakka både til meg og kalven. Me kom oss over til Eksingedalsvegen. Då me var komne halvveges opp til Eikefet hadde kalven gjeve opp motstanden, so då tenkte han Rasmus at han kunne klara det åleine heretter. Dette var under fyrste verdenskrigen.

Me hadde pengesetlar på 1 krone og 2 kroner. Han Rasmus stakk handa ned i lomma og drog opp eit par setlar og gav meg. Det var lenge mellom kvar gong eg hadde so mykje pengar i hendene.

Det var alltid so mangt å sjå på Eikemo. Det var so mange ting som me ikkje hadde på Leiro. No var Leiro ein fjellgard, og alt som skulle opp eller ned måtte me taka på ryggen. Men det var i alle fall sikkert at han Rasmus heldt alt på garden i god stand, og han var alltid so blid og pratsam når eg trefte han.”

Eg spurde ein gong Lars Leiro, bror til Johannes, om han kjende til bestefar min på Eikemo. Han fortalde då kor morosamt det vart når han

Rasmus kom frå Eikemoa til butikken på Eide. Her samlast karane og det vart mange gode diskusjonar og morosame replikkar. Det vart alltid slikt liv og røra med han Rasmus.

(Johannes og Lars flytte frå bygda våren 1931)

Bestefar Rasmus Eikemo døydde i august 1934. Han fekk hjerneslag, og vart liggjande til sengs det siste året før han døydde. Det vart fortalt at bestemor hadde likvåka i Bua over han den første natta. Der sat ho med tende ljøs og song og bad for han som no var gått bort.

Eit langt samliv med glede og sorg var til ende.

På gravferdsdagen samlast gravfyglgjet seg på garden. Dei skulle ha eit måltid mat før dei drog til kyrkja. Det var saltatorsk og skiver. Kista stod på tunet, og der var det andakt og song. Eit bilete viser den næraste familien hans samla kring båra.

Brita Eikemo 1893 – 1977

Eg legg ved kopi av eit brev som tante Brita i september 1976 sende til Gunnhild Steinsland.

Eg tykkjer det er så interessant når ho skriv om kyrkjeturane sine til Modalen. Kyrkjevegen frå Eikemo til Mo gjekk om Eikemostølen og opp under Hodnefjellet, der dei gjekk opp Kyrkjetona og innover Hodnefjellet mot Orfallet. Der i frå gjekk vegen vidare til venstre ned mot Mostølen, og så vidare ned til Mo gjennom Motødna i fjellsida ovanfor Mo. Ho nemner at dei brukte 3 timar på den turen.

Når eg tenkjer på ho Brita, kjem eg alltid på kor gavmild ho var. Stakk me innom til henne, skulle me alltid få noko. Det kunne vera alt frå ein god bolle med syltetøy og rjome, eller eit heimastrikka leistapar. Det var hennar gode gjerningar som eg aldri vil gløyma henne for. ” Hugs på at det er sælar å gje enn å få”, sa ho når me takka ho. Men så smilte ho også og lo, og sa: ” Du veit gaver gir gjengaver”, noko ho kunne ha rett i, sjøv om ho aldri snakka om erfaringane sin i den lei. Ho hadde ikkje så mykje av det jordiske gods å dela ut, men ho delte av det ho hadde. Om ikkje anna delte ho med oss rikeleg av livsvisdommen sin, og soger og forteljingar, og ho spreiddde glede rundt seg med sitt gode humør.

Kjelde: Arkivet etter Bergen Bataljon, (v/Statsarkivet i Bergen)